

FRÅ SJAKKVERDA



Professor Arpad Elo (1903–1992).

Er du overratta?

Med Arpad Elo vart norsk språk på 1970-talet gjort rikare med tre nye ord, adjektiva (partisippa) *urata*, *underrata* og *overratta*. Eit av prefiksa *u-*, *over-* eller *under-* er obligatorisk i predikativ posisjon: «Eg er rata», er ikkje ei setning som vil imponera ein motspelar med godt språkøyra. Lesaren er *urata*, vil eg tru. Sjølv kan eg kokettera med at eg er *overratta* (slik ein John Carew kan vera overprisa). 9 av 10 sjakkspelarar vil presentera seg sjølve som *underrata*. Om ein spelar er *over-* eller *underrata*, er synsing og kjærkome slarv for sjakkspelarar. Å vera midt mellom, altså rata, er ei objektiv sanning. Det vil vi ikkje umaka oss til å tala om, og språket tillèt det heller ikkje.

Matematikken bak ratinga, eller elo-ratinga, kjem frå den ungarsk-amerikanske fysikaren Arpad Elo. Øvst i det internasjonale ratingsystemet tronar Magnus Carlsen med 2835. Kven er nedst? Hjallis sa at ein ikkje kan gå på null, men i norsk rating har vi hatt spelarar under null. For at ingen

skal sitja i botnlaus gjeld med minusrating, vert tal under 500 ikkje gjorde offentlege av Noregs sjakkforbund.

Om ein har 800 i norsk rating, er ein på birkebeinar-nivå. Ein kan til og med skjønna 39...Kh7? 40.gxf8=S!#, slike mystiske kodar vi ikkje skriv i Dag og Tid, slik ein birkebeinar skjønar seg på gliding og pulver. Er ein så heldig at ein har over 1000 i rating, kan ein òg nytta talet som pinkode. Ingen sjakkspelar har nokon gong gløymt eit ratingtal.

Den norske ratinga er den mest puritanske i verda. Hos oss får ein ikkje noko gratis. Når dei same spelarane slår kvarandre – vinn og misser rating – innanfor eit nesten lukka system, held rating-snittet seg stabilt. I utlandet er nordmenn difor underrata, medan utlendingar på vitjing i Noreg er overratta. Mest overratta er amerikanarane og svenskane – å spela mot dei er som å ta godter frå småungar.

ATLE GRØNN

Atle Grønn er internasjonal meister i sjakk.

Frå historia

Guds ord på nynorsk

Språk er politikk. Og språk har historie. Med Luther og reformasjonen kom kravet om Bibelen på folkespråk. Slik kom Bibelen til å vere med og forme fleire folkespråk i skrift, som det tyske, svenske og danske. Det norske bibelspråket vart dansk, av historiske grunnar.

Med målrørsla vakna kravet om Bibelen på nynorsk.

Pionerane var Elias Blix og Ivar Aasen, som gav ut Romarbrevet på nynorsk i 1882. Elias Blix kom til å bli sentral i det arbeidet som følgde. 8. mai 1888 skriv han til departementet om saka, og målforma er interessant: «I Anledning af det ærede Departements Skrivelse af 30te f.M. meddeles herved, at jeg er villig at tiltræde Komitéen for Gjennemgaaelse af Prøveoversættelsen paa Landsmaal af nytestamentlige Skrifter.»

Saka var i gang, og Det Norske Samlaget kom til å vere sentralt i arbeidet. Eit brev frå Samlaget til departementet i 1894 er også verdt å sitere: «I anledning af det ærede departements skrivelse af 21–3 f.m. oplyses at ...» Til departementet skreiv ein på dansk, også om nynorsksaker.

Det nye testamentet kom først. Velkomsthelsingane var sterke. Johannes Barstad i oppbyggingsbladet *Stille Stunder* skriv: «Ogso her ser me, at Gud steg ned til oss. Det Maalet, ho mor lærde kvar Menneskja å snakka, held han so høgt, at han tek det i si tenesta. Det synte han so grant på den fyrste Pinsedagen. Ikkje paa Englemaal vil han snakka med oss, heller ikkje paa noko serskildt framifraa Menneskjemaal.»

Meldaren i *Firda* rosar, framleis på dansk, «en vellykket Bestræbelse efter at holde Oversættelsen i den Indholdet værdige ophøjede Tone». Men han er også kritisk: Omsetjarane «... har bibeholdt en Landsmaalsform, som vel nu maa siges at

høre en eldre Tid til, og som neppe længere benyttes helt ud af Nogen landsmaalsforfatter.» Problema med den nynorske høgstilen hadde alt meldt seg.

Det vart meir politikk. Norsk var ikkje berre riksmål og nynorsk. I 1886 melde Lars Jakobsen Hætta frå at han var ferdig med arbeidet med å setje om Bibelen til samisk. Bibelselskapet hadde vondt for å skaffe pengar og vende seg til departementet for å be om støtte. Svaret var nei. Tidene var tronge. Statsråden heitte då Elias Blix.

Det vart for mykje for Tromsø-biskopen, Johannes Skaar frå Kvam i Hardanger:

«Det norske Folk har Raad til at bortskuse Tusinder og atter Tusinder til Udgivelse af den hellige Skrift paa det saakaldte Landsmaal, et Maal som Ingen taler, Faa læser og Færre forstaaer, men til at skaffe det arme trukkede og plukkede Finnefolk Bibelen paa sit Modersmaal, nei dertil har det samme norske Folk ingen Raad.»

Biskop Skaar var ein handlingsmann. I 1888 skipa han Norsk Finne-Mission, og i 1895 var den samiske Bibelen ute.


Biskop Johannes Skaar var ikkje populær i regjeringa. Han fekk ikkje bispestolen i Kristiansand. Han fekk Tromsø, før han til slutt hamna i Nidaros.

Språkmannen Ivar Aasen drog linene tilbake til Martin Luther og reformasjonen då han fekk nytestamentet på nynorsk: «Hadde me fengje ei slik umsetjing paa reformasjonstidi, so hadde mangt vore annarleides i Norig no, og iser vilde det sét annarleides ut ved mang ei daudsseng.» Sjølv var han pioner, ved si omsetjing av romarbrevet.

Utgjevinga av nynorsk-bibelen kom ikkje til å handle berre om språk. Det kom også til å handle om kjeldekritikk og strid om grunnteksta. Nye funn av gamle pergament endra oppfatninga av kva som var den eigentlege grunnteksta. Det vart usemje, og nynorsktestetamentet kom til å byggje på ein annan grunntekst enn bokmålsversjonen. Det var ikkje berre språket som vart ulikt.

Alt dette er det gjort godt greie for i Anders Aschims fine biografi om Elias Blix.

ANDREAS SKARTVEIT



Elias Blix (1836–1902) gjekk i brodden for det nynorske bibelmålet.

Gåverike born

S snart skal mange av borna våre endeleg få kasta seg uti det stadig stigande havet av jolegaver, og somme skal vel baks og basa so spruten av kort og innpakkingspapir står. «Han kann myket giva, som god Råd heve», heiter det i *Norske Ord-sprog*, men som kjent er det mange gode gaver som ikkje har noko med pengar å gjera. Skal tru kva slags gaver som er dei beste? Og korleis kan me «gjeva fanget»?

Gjeva (norr. *gefa*) er eit gamalt og mangslunge verb som er ættfar til ei rad andre ord, til dømes *gjæve* og *gåve*. Ei gåve kan vera so mangt, og kva som er ei god

gåve, skifter alt etter tida og smaken: Før var det til dømes overlag gjævt å gjeva kongen ein isbjørn eller ei prydd kvalrosstann. Stutt sagt gjev folk mykje rart til kvarandre, men dei mest undersame gåvene må likevel vera dei me har inni oss.

Lenger enn folk kan minnast, har ord som *gåve* og *givnad* vore nytta om medfødde evner av ymse slag: «ho har givnad for musikk», «han har store talegaver», «det er eit gåverikt barn» (jf. bm. «et begavet barn», eng. «a gifted child»). Motsett kan me bruka *gåvelaus* i tydinga «evnelaus». I litt vidare tyding er det råd å nytta *gjeva* og *givnad* om

sinnelag og grunnhått, jamfør seiemåtar som «han har den givnaden at han er tolsam», og norrønt «mér er svá gefit» ('meg er so gjeve', 'soleis er det med meg'). Men kven er det som deler ut slike bisnelege gaver?

Det må vel vera naturen sjølv som står bak, han som steller med so mange og store saker som me ikkje kan skjønna fullt ut. Og når me veit at *natur* (lat. *natura*) opphavleg tyder 'fødsel', skulle det ikkje vera noko til hinders for å kalla desse gåvene for rettellege *fødselsdagsgaver*. Endå er det vel meir vanleg å seia *naturgivnad* og *naturgåve*, eller berre *naturgjevne* evner (jf. *naturtalent*).

Kva tid opnar me so desse gåvene? Det hender nok at somme går rundt med store gaver som dei aldri får høve til å opna. Andre har gaver som dei er godt nøgde med, men kven skal dei takka for det? Kanskje mor og far, eller andre som har hjelpt til med å nytta og dyrka desse gåvene? Det hadde vore gjævt for gåvegjevarane om dei gåverike var gjevsmilde og gav noko attende. Kva er vel betre enn å «gjeva fanget» ('femna om')? Når alt kjem til alt, er den gáva den beste.

KRISTIN FRIDTUN

Kristin Fridtun er nordiskstudent. E-post: fridtn@stud.ntnu.no



Ord om språk